



Varhaug kyrkje  
Varhaug kapell



# Varhaug kyrkje 1828 -1904

Varhaug kyrkje frå 1828 vart fotografert kring år 1900. Dette er dei einaste fotografia som finst av kyrkja på den om lag tusen år gamle kyrkjestaden på garden Varhaug.



Denne siste av fleire kyrkjer på Varhaug vart også den første av dei mange Linstow-kyrkjene i Noreg. Desse vart bygde etter mønsterteikning for kyrkjer på landsbygda, laga av arkitekt Linstow. Kyrkja frå 1828 erstatta ei kyrkje frå tidleg 1600-tal med eit rikt renessanseinventar. I 1820-åra var denne i svært dårleg stand. Den private eigaren fekk pålegg om å riva og byggja ny kyrkje. Kommunen kjøpte den nye kyrkja i 1851.



I 1902 vedtok kommunestyret å byggja ny kyrkje på Odland. Altartavla, preikestolen, døypefonten, altarsølv, lysestakane på altaret og den vesle lysekruna vart overførte til den nye kyrkja. Kyrkja på Varhaug vart riven vinteren 1905. Tårnfoten stod igjen som hus for den gamle kyrkjeklokka frå 1791. Den tyske okkupasjonsmakta reiv tårnfoten etter 1940. I 1951 fekk Varhaug gamle kyrkjegard eit nytt hus til klokka. I dag er dette vigsla til kapell, Varhaug kapell.

# Varhaug kyrkje 1904 -

Varhaug kyrkje på Odland vart vigsla 7. desember 1904. Ho var teikna av arkitekt Hartvig Sverdrup Echoff i nygotisk stil. Mange brukte ordet "jærkatedralen" om det store bygget som verkeleg viste igjen i det opne landskapet. Tårnet var heile 30 m høgt.

Til femti-års jubileet i 1954 vart koret bygt om og dei to vindauga der fjerna. Preikestolen vart seinka,

og kyrkja fekk ny måling. Dei gulbrune fargetonane vart erstatta av blå, raude, grå og kvite fargar.

Dette fotografiet frå 2004 viser kyrkja etter forandringane i 1954, og slik interiøret også ser ut i dag med altartavla frå 1609, døypefonten frå 1846-1847 og preikestolen frå 1828. Dei store messinglysekrunene som heng i kyrkjeskippet, vart kjøpte i 1930 då kyrkja fekk elektrisk lys.



# Renessansetavla frå 1609

Altartavla er ei av dei eldste og den aller største av dei mange altartavlene i Rogaland frå første halvparten av 1600-talet. Thomas snikkar arbeidde tavla nokre år før den tyske kunstnaren Peter Reimers måla og signerte ho i 1609. I åra etter 1610 fekk alle dei tre kyrkjene i Hå prestegjeld; Varhaug, Bø og Njærheim, nytt inventar i renessansetil.

Altartavla vart først laga til Hesby kyrkje på Finnøy. På 1800-talet var det misnøye med altartavla der. Tavla var for stor for det vesle koret, og ho skygde for lyset, meinte biskopen. Han ville fjerna tavla.

I Varhaug var biskopen både misnøgd med den gamle altartavla og med døypefonten frå 1600-talet som båe hadde fått plass i den nye kyrkja i 1828. Ny døypefont kom på plass ikkje lenge etter 1845. Men det kom ikkje ny altartavle før etter at kommunen kjøpte kyrkja i 1851. Hausten 1853 kom tavla frå Finnøy til Varhaug. Men før ho vart sett opp i kyrkja, vart ho måla kvit. Berre hovudfeltet, midtfeltet, fekk stå urørt. Dette viser innstiftinga av nattverden.

Altartavla vart restaurert i 1939. Då viste tavla seg i "all si prakt" for første gong etter at ho kom til Varhaug sokn i 1853. Først då kunne kyrkjelyden sjå Jesu dåp i det øvste midtfeltet og lesa sentrale bibeltekstar i dei to sidefelta. Trekantgavlen øvst symboliserer treeininga og Den heilage ande vist som ei due på himmelen. Dei to små trekantfelta har namna og våpenskjolda til lensherren i Stavanger len og kona hans som gav fleire altartavler til kyrkjer i Rogaland tidleg på 1600-talet.

400 år  
1609-2009



# Det eldste inventaret i Varhaug kyrkje



Dei eldste lysestakane i messing har stått på altarbordet i tre Varhaug-kyrkjer. Stakane kom til kyrkja før 1650 og var i bruk til den noverande kyrkja fekk lysestakar i sølv til femti-års jubileet i 1954. Dette er såkalla danske klokkestakar i renessansestil frå første halvparten av 1600-talet.



Før sa folk kyrkjesølvet eller altarsølvet om nattverdsettet sidan dette som oftast var dei einaste sølvgenstandane i kyrkjene. Kalken, disken og oblatøskja i Varhaug vart laga til den nye kyrkja nede på Varhaug, men etter 1828. Form og dekor vitnar nemleg om at altarsølvet skriv seg frå 1830- eller 1840-åra. Gullsmed Edvard Chr. Imsland i Stavanger leverte sølvet. Det er uvisst kvifor kyrkjeeigaren kjøpte nytt altarsølv på dette tidspunktet. Altarmuggen frå 1949 er ei gåve frå utflytte Varhaug-buar i Alberta, Canada. Den vesle oblatøskja til glutenfritt brød er ny.

Den vesle, seks-arma lysekruna i messing er frå 1798 og var ei gåve frå ekteparet Våland. Dei åtte då både Varhaug og Bø kyrkje i noverande Nærbø. I kyrkja på Varhaug hang lysekruna i korpartiet. I kyrkja på Odland heng ho under orgelgalleriet.



Døypefonten vart laga av Torger Jensson Husveg i 1846-1847 med utgangspunkt i arkitekt Linstow sine mønsterteikningar. Etter at døypefonten vart flytta til den nye kyrkja på Odland i 1904, vart han måla i dei same brune og gule fargane som resten av interiøret. I 1954 fekk døypefonten tilbake dei opphavlege fargane. Dåpsfatet i messing og tinn er frå 1600-talet og har dermed vore i bruk i tre kyrkjer. Dåpsmuggen i sølv frå 1968 er ei gåve frå ein privatperson.



# Summary

About one thousand years ago, the first church in the parish was built on the Varhaug farm. Due to its unsheltered location by the North Sea, this small wooden church was probably restored and rebuilt several times over the following centuries. In the 1820s, the church building was in a very poor state and a new one was finished in 1828. Linstow, the architect of The royal palace in Oslo, made the drawings for this large church. There are only two photographs of this, both taken around 1900 (page 2).

As the railway was built across Jæren in 1878, new towns sprang up, and the church was no longer centrally located. In 1902 it was decided to build a new church at Odland, between the two new towns Varhaug and Vigrestad. The altar piece from 1609, the brass candlesticks from before 1630, the brass chandelier from 1798,

the pulpit from 1828, the altar silverware from the 1830s and the baptismal font from 1846-47, were all transferred to this new church when it was completed in 1904 (pages 6-7).

The altar piece was originally made for Hesby church at Finnøy. This is one of the oldest and the largest of all the Renaissance altar pieces in Rogaland prior to 1630. It was sold and brought to Varhaug in 1853. The photograph on page 3 shows the present interior of the church with this beautiful, 400 years old altar piece.

The old church at Varhaug farm was demolished in 1905. Only the foot of the steeple was left for the church bell from 1791. However, the German occupants tore down this during World War II. In 1951, Varhaug old churchyard was given a new house for the bell. Today this is a consecrated chapel.

Tekst: Lisabet Risa: *Varhaug kyrkje 1904-2004*, Varhaug sokneråd 2004.

Redaksjon: Arild Aarsland, Lisabet Risa og Geir Palle Haarr - Engelsk oversetting: Elisa Haarr

Foto: Fotograf C. Chr. Thomhaw, Kristiania ca. 1900, fotograf Anna Nesvik 2004 og Arild Aarsland 2009

Design/trykk: Jærprint

Utgjevar: Varhaug sokneråd 2009

Besøk gjerne nettsida vår: [www.haa.kyrkja.no](http://www.haa.kyrkja.no)